



NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING (NINA)
Postboks 5685 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandler Kari Sveen

Vår ref. 2021/4855-2 432.3

Dykkar ref. 412/2021-
475.1 Dato 08.06.2021

Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark og motorbåt - 2021-2025 - overvåking av store innsjøer - Gjende - NINA - NIVA - Akvaplan-niva

Viser til søknad av 22.04.2021.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad av 22.04.21 frå NINA/NIVA v/ Knut Andreas Eikland Bækkelie, forskar NINA
- Tidlegare dispensasjonar for same formål: Sak 47/2015 i Nasjonalparkstyret, Sak AU-1/2016, Sak AU-6/2017, Delegert vedtak ved brev av 23.02.2018 – forlenging av løyve gitt i sak AU-6/2017 - fleirårig løyve for resten av overvåkingsperioden 2018-2020.
- Delegert vedtak av 19.03.21 - *Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2021 - Bruk av snøskuter på Gjende - Økosystemovervåking av store innsjøer - NINA*

Utdrag av søknaden:

«I forbindelse med løpende basisovervåking av store innsjøer med bakgrunn i den norske vannforskriften (EUs rammedirektiv for vann) har Norsk institutt for vannforskning (NIVA), Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Akvaplan-niva i 2021-2025, på oppdrag fra Miljødirektoratet ansvaret for prøvetaking og rapportering av et utvalg innsjøer hvert år. I 2021 skal følgende innsjøer undersøkes: Mjøsa i Innlandet og Viken, Øyeren i Viken, Byglandsfjorden i Agder, Lundevatnet i Rogaland og Agder, Vangsvatnet i Hordaland, Oppstrynsvatnet i Vestland, Hornindalsvatnet i Vestland og Møre og Romsdal, Eikesdalsvatnet i Møre og Romsdal, Gjende i Innlandet, Takvatnet i Troms og Finnmark, og Selbusjøen i Trøndelag.

Gjende er blant innsjøene i programmet som prøvetas årlig med et redusert prøvetakingsprogram, og et mer omfattende program hvert fjerde år. De årlige undersøkelsene består av prøvetaking av vann til analyse av næringsalter og andre vannkjemiske parametere, samt planteplankton og dyreplankton. Denne prøvetakingen foregår på en stasjon over innsjøens dypeste punkt en dag pr. måned i perioden juni-september. Denne prøvetakingen innebærer båtkjøring fra utsettingsplass til dypeste punkt, opphold over dypeste punkt, og båtkjøring tilbake igjen til Gjendesosen. Det vil i perioden bli benyttet båt og båtfører fra Statens naturoppsyn ved den månedlige prøvetakingen. Vi søker herved Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og Vågå kommune om dispensasjon fra motorferdselloven i Gjende i perioden juni-september for aktivitet som beskrevet i avsnittet over, gjeldende for hele prosjektperioden frem til 2025. Viser for øvrig til tidligere gitte dispensasjoner 2017/2007-3 432.3, 2015/3919 og 2009/612/39.

I ØKOSTOR tas det, i tillegg til månedlige prøver i isfri sesong, målinger av fysisk-kjemiske parametere (vannprøver) og prøver av dyreplakton fra isen over dypeste punkt en gang i månedsskiftet mars-april (forutsatt sikker is). På grunn av dette punktets avstand fra brøytet bilvei, og



omfang og vekt av det utstyret som skal brukes har vi behov for snøskutertransport fra Gjendesheim og ut til prøvetakingspunktet på innsjøen. Vi søker derfor om dispensasjon fra motorferdselloven for bruk av snøskutertransport på innsjøen i mars og april årlig frem til og med 2025. I henhold til tidsangivelser i tidligere gitte dispensasjoner planlegges feltarbeidet gjennomført utenom påskeuken, og med godkjent leiekjører i kommunen. Undersøkelsene hvert fjerde år er som tidligere nevnt mer omfattende, og inkluderer i tillegg til det overnevnte:

1. Registrering av nedre voksegrense for vannplanter gjøres i juli/august på 20 stasjoner i strandsonen fordelt rundt innsjøen. Dette innebærer kjøring langs land fra stasjon til stasjon og er stipulert til å foregå over 1-2 dager, avhengig av værforholdene og lokale forhold på de forskjellige stasjonene.
2. Undersøkelse av litorale krepsdyr ved 5-10 stasjoner i strandsonen tre ganger i perioden juni-september.
3. Ekkoloddkjøring og prøvefiske med garn og/eller pelagisk partrål for å undersøke fiskebestandene i innsjøen.

Ekkoloddkjøring, og evt. pelagisk partrål, vil i hovedsak foregå etter mørkets frambrudd en til to netter i månedsskiftet august-september ved at man kjører på kryss og tvers av innsjøen (ekkolodd), og tråler i frie vannmasser på ulike dyp ned mot 40 meter for å kunne tolke data samlet inn med ekkolodd. I tillegg til SNO vil politiet bli varslet før all aktivitet som foregår nattestid.

I innsjøer hvor det skal samles inn fisk med garn og/eller pelagisk overflatetrål, i tillegg til undersøkelser med ekkolodd, vil prøvefisket bli gjennomført etter standardisert metodikk for overvåking av fiskesamfunn i store innsjøer i ØKOSTOR-programmet. Det vil også være aktuelt å samle inn fisk til undersøkelser av miljøgifter i alle innsjøer i programmet som undersøkes det aktuelle året. Både prøvefiske og innsamling av fisk til analyser av miljøgifter vil fortrinnsvis bli organisert i samarbeid med Vågå fjellstyre, men det kan også bli aktuelt å benytte eget mannskap og båter til formålet. Eget mannskap og lokale fiskere vil medbringe en kopi av godkjent fisketillatelse under aktivt fiske, og evt. stående redskap (garn) vil merkes entydig.

Båtene som vil bli brukt har en større motor, er opptil 23 fot, og er dermed kraftige og store nok til å gi sikre arbeidsforhold, og plass til å kunne håndtere tungt feltutstyr, inkludert vinsjer og annet spesialutstyr som er nødvendig for gjennomføring av arbeidet.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte styrevedtekter gjeldende frå 01.01.2020. Etter vedtak i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen den 11. mai 2016 er myndighet til å treffe vedtak i saker som gjeld søknad om løyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om motorferdsel i verneforskrifta og kurante saker med etablert forvaltningspraksis delegert til nasjonalparkforvaltar.

NINA/NIVA har hatt liknande løyve for motorferdsel knytt til overvåking i 2015, 2016, 2017 og 2018-2020. Saka kan derfor behandlast som delegert sak.

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14

Verneforskrifta § 3, pkt. 6.1, set eit generelt forbod mot motorferdsel i nasjonalparken: «Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Det er ikkje noko spesifisert dispensasjonsformål for forskning og liknande under pkt. 6.3 når det gjeld bruk av stor båt på Gjende. Dispensasjon må derfor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, og denne er erstatta av naturmangfaldlova, § 48.



Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må være oppfylt.

Formålet med vern av nasjonalparken er *«- - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Alle dispensasjonar skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlovas (nml) §§ 8-12.

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (2008) har som overordna mål at det skal vera *«minst mogleg motorisert ferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet.»*

Kap. 8.15.5 Dispensasjonspraksis pkt. b) viser til at *«det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdist i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen.»*

Forvaltningsplanen, utdrag frå kap 8.17. - FORSKING OG UNDERVISING:

«I eit område med urørt natur og verdfullt naturlandskap som i Jotunheimen og Utladalen vil det vere interessant å gjennomføre ei rekkje ulike forskingsprosjekt både innan ureining, dyre- og planteliv og samfunnet sin bruk av områda til m.a. rekreasjon og friluftsliv. Verneområda vil ha aukande verdi som type- og referanseområde ettersom utbygging skjer i andre område. Forsking er også viktig for verneområda for å auke kunnskapen om områda og kva for ein verdi dei har for samfunnet. Etter framlegg til verneforskrifter (§ 4 NP og i LVO) kan fylkesmannen gi løyve til vitskaplege undersøkingar når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

Forsking treng ofte faste innretningar og bruk av motoriserte kjørety. Når forskinga har som mål å auke kunnskapen om naturen og naturgrunnlaget i verneområda og dette ikkje kjem i strid med verneformålet, vil det vere avgjerande om nytten og føremonene av forskinga er større enn ulempene som eventuelle inngrep og motorferdsel medfører. Forskingsresultata skal formidlast til forvaltningsstyresmakta. Statens Naturoppsyn kan hjelpe til med gjennomføring av forskingsprosjekt så langt ein har kapasitet.»

Presedens

Tiltaket skjer på oppdrag frå Miljødirektoratet, og det blir ikkje vurdert å skape presedens.

Vurdering

Forskinga vil gje viktig kunnskap om den økologiske tilstanden i Gjende, og resultatene er gjort tilgjengelege på NINA sine nettsider, jf. opplysning i søknaden: *«Gjende er årlig undersøkt som del av ØKOSTOR-programmet siden 2016 og for fisk i 2019. Resultatene er oppsummert og tilgjengeliggjort på <https://www.nina.no/Vare-fagområder/Miljøovervåking-i-vann/Fisk-i-store-innsjøer/Gjende>. På denne siden er det lenket vidare til grunnlagsrapportene fra programmet, og det er laget tosidige faktaark som kan lastes ned til fri bruk.»*



Bruk av spesialbygd båt er nødvendig for å ha tilgang til ekkolodd og utstyr elles som trengs for å ta prøver på største djup i innsjøen. Motorferdsel skal haldast på eit minimum, men noko motorferdsel er nødvendig. På Gjende er det rutebåt og regelmessig trafikk, og eit avgrensa tal ekstra båtturar i samband med forskning vil ikkje påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig.

Det må takast omsyn til rutebåttrafikken og andre som ferdast i båt på innsjøen, og Gjendebåten v/ Harald Rune Øvstedal bør varslast om planlagt tidspunkt i god tid før gjennomføring.

Registrering av nedre grenser for vassplanter i juli/august på 20 stasjonar i strandsonen og undersøking av littorale krepsdyr ved 5-10 stasjoner i strandsonen i perioden juni-september blir tilrådd utført i samarbeid med Vågå fjellstyre.

Bruk av snøcooter på isen er nødvendig for å kunne frakte div. utstyr frå Gjendesheim til prøvetakingspunkta for innsamling av vinterprøvene. Ein legg til grunn at det blir brukt leigekjører registrert i Vågå kommune for formålet.

Båttransport på Gjende i sesongen med ein del annan motorbåttransport og transport på Gjende-isen i mars-april blir ikkje vurdert å vera i konflikt med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er bra, og det er ikkje registrert artar i Artskart eller andre databasar som er særleg sårbare i høve til ferdsel på denne strekninga. Bruk av motorbåt for innsamling av prøver på stort djup og for undersøking av vassplanter og krepsdyr ved stasjonar i strandsonen blir ikkje vurdert å ha vesentleg innverknad på verneverdiane, så lenge all ferdsel tek omsyn til dyre-/fugleliv og til folk som ferdast i området. Skutertransport med lokal leigekjører på isen i mars/april vil gje litt støy over eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at enkelte turar knytt til nytteformål vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljø og friluftsliv, jf. føre-var-prinsippet og økosystemtilnærming og samla belastning (nml §§ 9-10). Av omsyn til friuftslivet skal motorferdsel ikkje skje i helger.

Det blir på grunnlag av vurderingane over, og erfaring med tilsvarande tidlegare dispensasjonar for same formål, gjort slik delegert vedtak:

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 – jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark – får Norsk institutt for naturforskning (NINA) i samarbeid med Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Akvaplan-Niva dispensasjon for bruk av motorbåt på Gjende og snøcooter på Gjende-isen, for innsamling av prøver i samband med program for vassdragsovervaking i perioden 2021-2025.

For dispensasjonen gjeld følgjande:

- 1. Bruk av snøcooter gjeld for perioden mars/april på strekninga Gjendesheim til og frå prøvetakingspunkt. Til dette oppdraget skal det engasjerast leigekjører som har slik løyve innan Vågå kommune, og transporten skal gjennomførast på vekedag. Det er ikkje anledning til å utføre oppdraget i helg eller i påskeveka.**
- 2. Dispensasjon for motorbåt gjeld bruk av spesialbygd båt med utstyr, i samsvar med søknad som spesifiserer gjennomføring av vassdragsovervakinga, i tråd med oppdrag frå Miljødirektoratet.**



3. Undersøking av vassplanter og krepsdyr ved stasjonar i strandsonen vert tilrådd utført i samarbeid med Vågå fjellstyre – mobil 909 66 277.
4. Transporten skal skje omsynsfullt, slik at ein unngår skader eller ulemper i høve til naturmiljøet og andre brukarar av innsjøen, med særleg vekt på rutebåttrafikken og fiskarar på Gjende. Båttransporten skal utførast på vekedag, og da helst på dagane måndag-torsdag.
5. Farten skal tilpassast det som gjeld for øvrig båtbruk på Gjende, med motorstorleik 10 hk.
6. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt for transportane seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.
7. Orientering om tidspunkt for båttrafikk skal også gjevast til Gjendebåten/ Harald Rune Øvstedal (mobil 913 06 744).

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter motteke vedtak.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Ved bruk av leigekjører reknar ein med at det er i tråd med Vågå kommune sine reglar og rammer for motorferdsel i utmark. Når det gjeld bruk av båt med motor på Gjende opnar den kommunale forskrifta for motorferdsel i medhald av verneforskrifta eller dispensasjon frå denne. Vågå kommune kan gje utfyllande informasjon.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

SNO v/ Rigmor Solem

Knut Andreas Eikland Bækkelie

Vågå kommune

Vågå fjellstyre

Statsforvalteren i Innlandet

Gjendebåten v/ Harald Rune Øvstedal

Eldrid Nedrelo

Edvard Storms veg 2

2680

VÅGÅ

Postboks 16

2684

VÅGÅ

Postboks 987

2604

LILLEHAMMER